



Tingvoll, 9.1.2025

Aukra kommune
Post@aukra.kommune.no

KLAGE - REGULERINGSPLAN SMÅGE SMÅBÅTHAVN ENDRING 05

Sak PS 83/24.

Naturvernforbundet hadde i utgangspunktet ikkje tenkt å engasjere oss med denne reguleringsplanen. Etter at vi i midten av desember 2024 har sett litt på kystlyngheia på sørsida av Stongnesvegen, ser vi at drifta av desse areala kan bli påverka av reguleringsplanen.

Kystlyngheilokaliteten i området er dessutan utvald naturtype, noko som gjer at det skal til eit vedtak jf. naturmangfaldlova kap. VI i tillegg til kap. II. Vedtak jf. kap. VI ligg ikkje i Miljøvedtaksregisteret – der står det 0 på Aukra kommune. Om det ikkje finst noko vedtak eller om det er manglande kunngjering tyder i båd fall at reguleringsplanen ikkje kan godkjennast.

No har vi registrert at planen er eigengodkjent ved vedtak i kommunestyret.

Vi har henta inn dokumentet «Planomtale Småge småbåthavn, endring 05.

<https://opengov.360online.com/Meetings/Aukra/File/Details/373389.PDF?fileName=Sm%C3%A5ge%20sm%C3%A5b%C3%A5thavn%2C%20endring%2005%20-%20Planomtale%20revidert%2013.05.2024&fileSize=3165744>

Dokumentet har ein undertekst som ser feil ut, men det ser ut til å høyre til den aktuelle saka:

1547202002

Reguleringsplan Gossen motorsenter

10

I dokumentet planomtale finn vi:

3.5 Naturverdiar


Plankonsulent har nytta karttenesta GISLINK for å undersøke om planområdet inneheld verneområde, naturtyper eller artar av forvaltningsmessig interesse. Planområdet vert ikkje omfatta av verneområde, og det er ikkje registrert artar av forvaltningsmessig interesse på land.

Plankonsulent har nytta fiskeridirektoratet si kartteneste for å undersøke om planområdet kan kome i konflikt med interesser i sjøområda som til dømes gyteområde, marine artar og naturtyper, marine verneområde, korallrev mv. og har funne fylgjande opplysningar: Sjøareala innanfor planområdet ligg innanfor datasettet «gytefelt torsk MB», jf. figur 5.1. Omsynet til torsken si gyting innanfor dette området vert løyst gjennom ein tekst under

punkt 3.2.7 i føresegnene som seier at «Tiltak i sjø skal ikkje utførast i perioden februar – april for å unngå å kome i konflikt med gyteperioden til kysttorsk».

Innanfor planområdet er det registrert ein naturtype i datasetta «naturtyper – DH-HB13» og «utvalte naturtyper», dette er ei kystlynghei med verdien svært viktig, jf. figur 6. Kystlynghei består av opne heier der det ikkje veks tre, men som er dominert av dvergbusker som til dømes røsslyng. Kystlyngheiene er kulturmark som er forma gjennom fleire tusen år med jevnleg avsviing av busker, rydding av skog og kratt, og dyr som beiter. Kystlyngheit er ein prioritert naturtype som er ønska bevart, og fysiske inngrep i desse områda er ikkje ønskeleg.

Utstrekninga av naturtypen er noko unøyaktig og går inn på område som alt er utbygde. Dei nye tiltaka som er planlagt innanfor planområdet vil i liten grad kome i konflikt med den aktuelle naturtypen.



Figur 6: Utsnitt frå datasetta «naturtyper – DH-HB13» (venstre) og «utvalte naturtyper» (høyre).

Mykje av det som står er korrekt nok. Men det er noko vesentleg som manglar, og konklusjonen er feil: «Dei nye tiltaka som er planlagt innanfor planområdet vil i liten grad kome i konflikt med den aktuelle naturtypen.»

Det er rett at dette er kulturmark. For at dette framleis skal vere ei kulturmark med full verdi, må det vere mogleg å påverke med same kultur som før. Då er det vesentleg å kunne svi av desse områda som før, og ein må kunne ha beitedyr i området. Ting som påverkar dette vil vere negativt, kanskje øydeleggjande for naturverdiane. Det som skjer innanfor regulert område har verknad på areal utanfor regulert område. At det er krav om ei form for konsekvensvurdering når ein kan påverke desse naturverdiane er difor heilt grunnleggjande.

Vi skal gå litt inn på nokre moment i saka.

1. Areal vest for småbåthamna

Utan tilkomst for dyr, i dette tilfelle oftast sau, vil ein ikkje kunne drifte denne delen av kystlyngheia. Denne tilrettelegginga for transport kan kome i konflikt med andre føremål ved småbåthamna (Bygg/parkering). Viss ein ikkje får til ein slik tilkomst, vil kvaliteten for kystlyngheia over tid bli redusert som følgje av manglande beiting.

I utgangspunktet burde det vere mogleg å drive dyr mellom dei ulike teigane av kystlynghei (Eller helst at dyra kan gå sjølv), men dette er truleg vanskeleggjort av avkøyinga og parkeringa for småbåthamna. Konsekvensane av dette bør ein sjå på, for om mogleg å finne ei løysing som ikkje krev transport med bil eller båt. Det kan mellom anna få verknader for behov for gjerde.

Kystlynghei i dette området er avhengig av å bli brent. Grensedraginga mellom kystlynghei og andre føremål må leggast slik at ein kan brenne lyngareala trygt.

2. Areal aust for småbåthamna

Tilkomst til dette arealet er truleg enklast i aust, men dette må konkret vurderast.

Kystlynghei i dette området er avhengig av å bli brent. Grensedraginga mellom kystlynghei og andre føremål må leggast slik at ein kan brenne lyngareala trygt.

Ein del kystlyngheiareal har fått reguleringsføremål friområde. Dette er mogleg å kombinere, men krev då gjennomtenkte løysingar for ferdsel, slik at folk lett kan passere gjerde, samtidig som ein veit at beitedyr ikkje blir sleppt ut frå beitemarka.

Konklusjon:

Naturvernforbundet klagar på vedtaket. Vi meiner at krava til saksutgreiing jf. nml. kap. VI må gjennomførast. Vedtaket har så store manglar at det ikkje er gyldig. Resultatet av utgreiinga saman med andre vurderingar jf. nml. kap. II må følgje saman med resten av saka før saka eventuelt blir lagt fram for ny handsaming.

Naturvernforbundet kan gjere greie for vår klagerett på førespurnad.

Aukra kommune som har såpass mykje kystlynghei bør snarast få på plass kompetanse som kan nyttast i den kommunale handsaminga av arealsaker med kystlynghei. Handsaming etter nml. kap VI bør Aukra kommune verkeleg kunne, slik at ein kan få tatt vare på i alle fall dei mest verdifulle kystlyngheiene i fylket.

Naturvernforbundet i samarbeid med Forum for natur og friluftsliv har elles deltatt i praktisk skjøtsel av kystlyngheia på Småge i ein god del år, og ønskjer framleis å bidra med det vi kan få til på denne måten.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær

Kopi: Forum for natur og friluftsliv, Fannestrandvegen 122, 6419 MOLDE